



Planprogram Regional plan verdiskaping og kompetanse

1	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn.....	3
1.2	Formålet med planen og forholdet til pågåande planarbeid	4
1.3	Kva er ein regional plan og kva er eit planprogram?	4
2	Rammer og føringar	5
2.1	Statlege føringar.....	5
2.2	Plansystemet – forholdet til gjeldande planar	5
2.3	Gjennomgåande omsyn	6
2.4	Utforming av planen.....	6
3	Plantema.....	7
3.1	Omstilling og konkurransekraft	7
3.1.1	Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar	8
3.1.2	Sirkulærøkonomi	8
3.1.3	Innovasjonssystem	9
3.2	Kompetanse og inkludering	9
3.2.1	Behov for eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod	10
3.2.2	Gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet	10
3.2.3	Mangfaldig og inkluderande arbeidsliv	11
3.2.4	Samarbeidsstrukturar	11
4	Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen	12
5	Oppfølging av planen	13
5.1	Handlingsprogram	13
5.2	Økonomi.....	13
5.3	Resultatmåling.....	13
6	Planprosess, organisering og medverknad	14
6.1	Samarbeid og medverknad.....	14
6.2	Kommunar, statlege organ og verksemdar	14
6.3	Næringslivet og partane i arbeidslivet, kunnskaps- og kompetansemiljø	14
6.4	Andre grupper som vil bli involverte.....	15
6.5	Tema- og ressursgrupper	15
6.6	Organisering av arbeidet.....	15
7	Framdrift og milepålar	16

Framsidedfoto: Morten Wanvik, Charlotte Villanger Nielsen, Andreas Christoffersen Kjærland (Vestland fylkeskommune) og BKK

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

*Utviklingsplan for Vestland 2024-2028*¹ skal forenkle og forbetre plan- og styringssystemet ved å styrke heilskapen i planlegginga og redusere talet på planar. Dette skjer gjennom to breie, sektorovergrepande regionale planarbeid: *Regional plan for verdiskaping og kompetanse*² og *Regional plan for areal og mobilitet*³. Planane er likestilte, skal utviklast parallelt, og handterer fleire overlappende temaa.



Utviklingsplanen bygger på en berekraftsmodell⁴ som legg vekt på at naturen legg grunnlaget for både sosiale strukturar og økonomi. Planen definerer fire satsingsområde med eigne mål som retter seg inn mot dei tre berekraftsdimensjonane miljømessig, sosial og økonomisk berekraft, samt FNs berekraftsmål nr. 17⁵; samarbeidsmålet. Ut av dei fire måla er det definert ti strategiar som skal verke på tvers av sektor og politikkområde, og omsette måla til handling. Med desse skal vi sikre at spissa innsats mot enkeltmål ikkje skal svekke måloppnåing på eit anna område, både gjennom regionale planar, tenester og forvaltning.

Regional plan er fylkeskommunen sitt viktigaste styringsverktøy for å oppnå omstilling og berekraftig samfunnsutvikling. Ein regional plan skal gje felles strategisk retning for utviklinga og bidra til å samordne stat, fylke og kommune sin innsats. Den skal òg bidra til å mobilisere andre aktørar med viktige verkemiddel for samfunnsutvikling.

Den regionale planen for verdiskaping og kompetanse er eit viktig verktøy for å konkretisere dei overordna måla og føringane i utviklingsplanen og omsetje dei til handling. Gjennom arbeidet med dei to nye, regionale planane, får vi eit høve til å fornye og forankre den felles forståinga av kva utvikling vi ønskjer for Vestland, og kva som skal til for å nå denne utviklinga.



Figur 2 Satsingsområde og mål i *Utviklingsplan for Vestland 2024-2028*

¹ www.vestlandfylke.no/planlegging/utviklingsplanen/

² www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar-under-arbeid/regional-plan-for-verdiskaping-og-kompetanse/

³ www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar-under-arbeid/regional-plan-for-areal-og-mobilitet/

⁴ www.stockholmresilience.org/research/research-news/2016-06-14-the-sdgs-wedding-cake.html

⁵ www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal

1.2 Formålet med planen og forholdet til pågåande planarbeid

Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal gi overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland.

Planarbeidet heng tett saman med det parallelle planarbeidet for ny regional plan for areal og mobilitet⁶. Medan Regional plan for areal og mobilitet omfattar den fysiske utviklinga av areal og infrastrukturen i Vestland, skal Regional plan for verdiskaping og kompetanse gje overordna rammer, prinsipp og konkrete føringar for andre strukturar og verkemiddel som gir grunnlag for utvikling av næringsliv, arbeidsplassar og kompetansefeltet i Vestland. Det er lagt opp til samordna framdrift i arbeidet.

1.3 Kva er ein regional plan og kva er eit planprogram?

Regionale planar er retningsgjevande og skal leggjast til grunn for statlege organ, fylkeskommune og kommunar sin planlegging og virke i Vestland. Det regionale planarbeidet er eit breitt samarbeidsprosjekt der alle samfunnsaktørar i fylket er inviterte til å delta. Samarbeid på tvers av fag, sektorar og tradisjonelle politikkområde bidreg til å styrke nyskapingskraft og auke omstillingstakta til samfunnet. Målet er å utvikle ein plan som er breitt forankra og som vert følgd opp av ei heil rekke ulike samfunnsaktørar.

Første milepåle i arbeidet med planen er eit planprogram, og vart vedteken av fylkesutvalet i Vestland 26.11.2025. Planprogrammet fungerer som "ein plan for planarbeidet" og skal skildre føremålet med planarbeidet, rammene og prosessen for planarbeidet, opplegg for medverknad, behovet for utgreiing og kva tema planen skal omfatte⁷. Innbyggjarar, kommunar og andre samfunnsaktørar har fått høve til å påverke den kommande planen tidleg, gjennom å komme med fråsegn til planprogrammet.

⁷ www.lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-1-2#KAPITTEL_2-1-2

2 Rammer og føringar

2.1 Statlege føringar

Plan- og bygningslova set rammene for den regionale planlegginga, i tillegg til nasjonale forventningar og statlege planretningslinjer. I tillegg retter ulike sektor- og politikkområde seg inn mot internasjonale forpliktingar, styrt av eigne sektorlover og sektorpolitikk. Dei viktigaste overordna føringane for regional plan for verdiskaping og kompetanse er *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*⁸, *Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024)*⁹, *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)*¹⁰, *lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa*¹¹, *lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskoleloven)*¹², *lov om universiteter og høyskoler*¹³ og *lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid*¹⁴.

I tillegg vil *Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)*¹⁵, stortingsmeldingar som til dømes *Bærekraftig bruk og bevaring av natur - Norsk handlingsplan for naturmangfold, Klimamelding 2035 – på vei mot lavutslippssamfunnet*, kunne ha påverknad på planarbeidet.

2.2 Plansystemet – forholdet til gjeldande planar

Utviklingsplanen for 2024-2028 peikar på at det er behov for å vidareutvikle det regionale plansystemet i Vestland. Målsettinga med endringa er å forenkle planporteføljene og forbetre bruken av regional plan som strategisk reiskap, gjennom å behandle tema som går på tvers av kommunegrensene. Dei to breie, nye regionale planane skal bidra til å erstatte mange av dei gjeldande planane og strategiane i Vestland. Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal styrke samanhengstenking og måloppnåing på tvers av berekraftsmål, ved å sjå planspørsmål som i dag er fordelte på ei rekke meir sektorretta planar, under eitt.

Breie planar vil vere ein god arena for å gjere avveging og avklaring mellom mange ulike interesser og over sektorgrenser. Det føreset òg at planen må legges til rette for at mange aktørar kan samordne innsats og verkemiddelbruk i oppfølginga av planen. Ein god medverknadsprosess legg det beste grunnlaget for å få dette til.

Den nye regionale planen for verdiskaping og kompetanse skal, saman med den nye regionale planen for areal og mobilitet, bidra til å redusere talet på regionale planar og samle viktige tema i heilskaplege og strategiske planar:

- **Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021-2033)**
- **Regional plan for klima (2022-35)**
- **Regional plan for fornybar energi (2023-2035)**
- **Regional plan for kompetanse og arbeidskraft (2017-2030)**

For å konkretisere kva innhald som skal bli ført inn i den nye planen, er det behov for å gå grundig gjennom gjeldande regionale planar, temaplanar og strategiar. Alle behov kan ikkje bli løyste innanfor ramma av ein overordna, regional plan. For dei delane av dei gjeldande planane som ikkje

⁸ www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-2023-2027/id2985764/

⁹ [www.lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-12-20-3359](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-12-20-3359)

¹⁰ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-09-20-4146>

¹¹ [www.lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-09-30?q=oppl%C3%A6ringslova](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-09-30?q=oppl%C3%A6ringslova)

¹² [www.lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-08-28?q=h%C3%B8gare%20oppl%C3%A6ring](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-08-28?q=h%C3%B8gare%20oppl%C3%A6ring)

¹³ [www.lovdata.no/dokument/NL/lov/2024-03-08-9?q=universitet](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2024-03-08-9?q=universitet)

¹⁴ [www.lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-11-06-127?q=integreringsloven](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2020-11-06-127?q=integreringsloven)

¹⁵ [www.lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2025-01-24-69?q=planretningslinjer%20for%20arealbruk](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2025-01-24-69?q=planretningslinjer%20for%20arealbruk)

kan bli handtert på tilfredsstillande måte i nye regionale planar, vil det bli vurdert andre verktøy som til dømes temaplanar, rettleiarar eller faglege retningslinjer.

2.3 Gjennomgåande omsyn

Utviklingsplanen løfter fram fleire gjennomgåande plantema som er særleg relevante for alle sektorar og plannivå. Fleire av dei er forankra i lover og nasjonale rammer for planlegging. Det er teke omsyn til desse i forslag til plantema. Nokre av dei gjennomgåande temaa vil krevje ekstra innsats for å bli integrert i sjølve planen. Det gjeld særleg samfunnstryggleik og beredskap, som tidlegare ikkje er dekkja i heile si breidde i regional planlegging. Målet er å styrke kunnskap og medvit om desse omsyna og sikre at dei vert ein del av beslutningsgrunnlaget i planarbeidet:

- Oppvekstvilkår for barn og unge
- Estetisk utforming av omgjevnadene
- Universell utforming
- Klimaomstilling (her under indirekte og direkte utslepp og klimatilpassing)
- Naturmangfald
- Folkehelse
- Mangfald, inkludering og integrering (etnisitet, livssyn, kultur, kjønn og seksualitet, funksjonsevne med meir)
- Samfunnssikkerheit og beredskap

2.4 Utforming av planen

Planarbeidet skal bidra til å vege ulike interesser og mål mot kvarandre, slik at politikarane kan ta val og prioritere på strategisk nivå. Arbeidet med regional plan skal ta i bruk fleire tilnærmingar og verktøy for å handtere målkonfliktar, i tillegg til krava i lova. Dei vedtekne måla, strategiane og berekraftsmodellen i Utviklingsplanen er viktige verktøy for å vurdere ulike interesser mot kvarandre i planarbeidet.

Økonomisk vekst og utvikling må skje innanfor planeten sine tolegrenser. For at verdiskaping skal vere berekraftig må utviklinga skje på eit vis som tek inn over seg dei faktiske sosiale og miljømessige kostnadane og konsekvensane ved denne, både i vareproduksjon og ulike former for tenesteyting.

Planarbeidet vil legge vekt på følgande:

- planen skal omfatte relevante tema på eit overordna nivå, med vekt på prinsippavklaringar, samordning og strategiske val.
- spørsmål knytt til detaljeringsgrad, temadekning og nivå for oppfølging vert avklart i det vidare planarbeidet.
- planen skal ha eit breitt næringsperspektiv og ha relevante mål og strategiar for innovasjon og omstilling på tvers av sektorar, bransjar og næringar.
- planen skal ha ei brei tilnærming til arbeidsliv og kompetanse, som omfattar utvikling av kompetanse på ulike arenaer, mobilisering av alle delar av arbeidsstyrken og bruk av tilgjengeleg kompetanse i heile arbeidslivet, både offentleg og privat sektor.
- det er behov for å skape nye framtidsretta arbeidsplassar, både for å få fleire i arbeid og for å auke verdiskapinga.
- tilgjengeleg areal er sentralt for utvikling av fornybar energi og framtidsretta næringsutvikling. Vurderingar knytt til eigna areal vert handtert i regional plan for areal og mobilitet, sjå omtale av planprogrammet til denne planen.

3 Plantema

Færre regionale planar gir grunnlag for å samle kreftene, men gjev òg ein risiko for at vi ikkje klarar å peike ut ei tydeleg retning og prioritere naudsynte løysingar for å nå måla våre. Gjennom to definerte plantema vil vi derfor konkretisere og vise korleis planen skal svare på utfordringane og strategiane som er løfta fram i Utviklingsplanen.

Utviklingsplanen viser korleis Vestland har høg verdiskaping og eksport og breidde- og spisskompetanse på område som er viktige for næringsliv og samfunn.

Samtidig går det klart fram at vi står overfor både endringar og usikkerheit som særleg er knytt til klimaendringar, tap av naturmangfald, den geopolitiske situasjonen, digitalisering og den demografiske utviklinga. Ei avkarbonisering av verdikjeder og framtidig utfasing av olje- og gassektoren vil dessutan ramme Vestland hardt. Næringsliv si omstilling til fossilfrie og sirkulære forretningsmodellar er viktig for konkurransekraft og investeringsvilje. Samfunnssikkerheit og beredskap har òg blitt viktigare for alle sektorar og næringar.

Mange kommunar i Vestland har eit aukande press på velferdstenestene, strammare kommuneøkonomi og mangel på arbeidskraft. Sentralisering og urbanisering er sterke drivkrefter både nasjonalt og regionalt og vil påverke moglegheitene for å skape gode og attraktive stadar der folk bur og arbeider. Utviklingsplanen føreset at det skal vere utvikling i heile Vestland. Ulike delar av fylket har ulike utfordringar knytt til det å skaffe arbeidskraft til lokalt arbeids- og næringsliv. Samtidig ser vi at digitalisering og ny teknologi kan gjere geografi mindre vesentleg. Bustadtilbod, gode tenester og tiltak for inkludering i lokalsamfunnet er òg viktig for bulysta.

Dei felles utfordringane peikar på to planområde med spesielt behov for samordning i fylket: *omstilling og konkurransekraft* og *kompetanse og inkludering*.

Endringane og usikkerheita gjer at vi må sikre robuste, relevante og fleksible strukturar og løysingar for *omstilling og konkurransekraft* innanfor ramma av ansvarleg forbruk og produksjon. Gjennom dette plantemaet skal vi bygge vidare på Vestland sine naturgitte fortrinn. Vi skal systematisk avdekke moglegheiter for verdiskaping og møte barrierar på tvers av verdikjeder og næringar. Utvikling av en sirkulærøkonomi skal vere eit fundament i arbeidet. For å nå ambisiøse mål for verdiskaping og samfunnsutvikling, må vi vidareutvikle og tilpasse innovasjonssystemet til det nye utfordringsbiletet.

Ei kompetent og fleksibel arbeidsstyrke er ein kritisk suksessfaktor for å lykkast med omstilling og sikre auka konkurransekraft og gode tenester i alle sektorar. Gjennom plantemaet *kompetanse og inkludering* skal vi legge grunnlaget for eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod for unge og vaksne basert på arbeids- og næringslivet sitt behov. Vi skal ha fokus på høg gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet og auka inkludering i arbeid- og samfunnsliv gjennom godt samarbeid mellom relevant aktørar.

3.1 Omstilling og konkurransekraft

Lokalnæringer og andre sekundære næringer som står for heilt naudsynte varer og tenester er viktig både for dei eksportretta næringane og utviklinga i regionen. Vi har ulik nærings-samansetnad på tvers av fylket, små og mellomstore verksemdar står side om side med store selskap og verksemdar. Dei fleste arbeidsplassane er i bedrifter som sel varer og tenester i ein nasjonal marknad eller i offentleg sektor. Særleg i distriktskommunar er offentleg sektor ein stor arbeidsplass og verdiskapar. Samstundes er Vestland det største eksportfylket i landet. Vi har

næringar med høg lønsemd og sterk posisjon i internasjonale verdikjeder. Vi må sikre at konkurransekrafta i eksportnæringane vert oppretthalde og nye moglegheiter vert realiserte.

Vestland har høgast klimagassutslepp av fylka i Noreg, og nokre av dei største punktutsleppa frå industrien. Avkarbonisering og konkurransekraft må gå hand i hand, sidan etterspurnaden etter energi og effektive energiberarar aukar. Vestland treng meir fornybar energi og energiinfrastruktur. Vi er ein nøkkelregion for å sikre meir fornybar energi, både til innanlandsbruk og eksport. Vi må derfor bruke heile energisystemet, effektivisere bruken av energi og utvikle energiberarar til ulike formål. Vi må òg gje rom for mellombelse energiløysingar i kombinasjon med karbonfangst og lagring.

Digitalisering med bruk av stordata, kunstig intelligens og maskinlæring kan vere utløysande for verdiskaping. Det vil òg påverke arbeidsmarknaden og kompetansebehov knytt til dette. Både for offentleg- og privat sektor vil digitalisering, automatisering og kunstig intelligens vere sentrale element for å sikre innovasjon, omstilling, produktivitet og konkurransekraft.

I alt omstillingsarbeid må avkarbonisering, meir effektiv ressursbruk, teknologiutvikling og digitalisering vere berebjelkar. Demografiutviklinga forsterkar òg behovet for å auke produktivitet i alle sektorar. Omstillinga må òg skje på ein måte som i minst mogleg grad forringer natur og kulturmiljø, til ulempe for framtidige generasjonar.

Planen vil ha særleg merksemd på tre deltema kor det er spesielt behov for felles innsats og samarbeid: *Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar, sirkulærøkonomi og innovasjonssystemet*. Deltemaa er tett samanvevde og vil bli handterte i samanheng.

3.1.1 Moglegheiter og barrierar på tvers av verdikjeder og næringar

Dei store utfordringane Vestland står framfor gjer at vi må tenke heilskapleg på verdikjeder for produkt og tenester, i både innanlands- og eksportmarknaden. Både store og små- og mellomstore bedrifter har ein plass i verdikjeder.

Den regionale planen skal medverke til:

- Optimalisering av eksisterande verdikjeder
- Utvikling av framtidsretta verdikjeder som byggjer på Vestland sine fortrinn, kompetanse og erfaring, innanfor ramma av knappe ressursar

Nye moglegheiter finst ofte i skjeringspunktet mellom verdikjeder. Samtidig finst mange av dei same barrierane og moglegheitene på tvers av verdikjeder.

Planlegging skal førebyggje og redusere risiko for skadelege og uønskte hendingar, anten det er naturfare, kriser eller krig. Samfunnssikkerheit- og beredskapsperspektivet skal gjennomsyre arbeidet med dette plantemaet, med særskild merksemd på forsynings- og matsikkerheit. Planarbeidet kan òg vurdere om den sikkerheitspolitiske situasjonen og auka behov for samfunnsikkerheit og beredskap kan gje nye moglegheiter for ny verdiskaping, spesielt knytt til produksjon.

3.1.2 Sirkulærøkonomi

I ein sirkulær økonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt og så lenge som mogleg, i eit kretsløp der minst moglege ressursar går tapte¹⁶. Samtidig er det nødvendig å redusere samla uttak av knappe ressursar. I omstilling og utvikling av næringsliv og samfunn i Vestland vil sirkulære løysingar vere avgjerande. Fleirbruk, gjenbruk og sambruk vil bidra til redusert ressursbruk, mindre avfall, lågare klimagassutslepp og redusere tap av naturmangfald. Planen skal

¹⁶ www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/sirkular-okonomi/

bidra til å utvikle nye forretningsmodellar, auke konkurransekrafta, redusere klimafotavtrykket og bli mindre sårbare for redusert tilgang på importerte ressursar. Meir effektiv produksjon og bruk av energi gjer at behovet for straum og nettinfrastruktur vert mindre og kan sikre meir energi til industri, verdiskaping og velferd.

Den regionale planen skal medverke til å utvikle system og kultur for auka sirkularitet innanfor og på tvers av ulike sektorar og næringar. Privat, offentleg og frivillig sektor vil bli omfatta. Vi vil bygge vidare på erfaringar og resultat frå samarbeid og initiativ, som til dømes *Grøn region Vestland*¹⁷ og *Styrka marin innsats*¹⁸.

3.1.3 Innovasjonssystem

Omstilling føreset nye arbeidsmåtar og nye løysingar. Vestland har spesielt behov for ny teknologiutvikling for å styrke si konkurransekraft. Behovet for omstilling og auka konkurransekraft krev raskare utvikling og oppskalering av nye bedrifter og innovasjon i etablerte bedrifter. Offentleg sektor må òg omstille seg for å sikre gode tenester og legge til rette for samfunns- og næringsutvikling i framtida.

For å få til omstilling og auke konkurransekrafta treng vi evne og kraft til å innovere. Innovasjon forstått som å skape noko nytt og nyttig, som er tatt i bruk og som skapar verdi – for næringsliv og for samfunnet. Eit velfungerande innovasjonssystem er nødvendig for å lukkast. Innovasjonssystem omfattar alle aktørar og ulike ressursar og verkemiddel som inngår i innovasjonsprosessen. Samspel mellom ulike aktørar og ressursar er avgjerande. Innovasjonssystem har ulike trekk i distrikt og sentrale område, og i ulike regionar i fylket. Samtidig er samspelet mellom dei avgjerande. Kapitaltilgang og rettleiingstenester er spesielt kritisk for bedrifter, både under etablering og i vekstfasen. Offentleg sektor kan legge til rette for innovasjon gjennom reguleringar, risikoavlasting, innkjøp og andre verkemiddel for innovasjon, forskning og utvikling.

Den regionale planen skal medverke til å vidareutvikle dynamiske innovasjonssystem for å legge til rette for at det skjer verdiskaping i ulike regionar med ulike føresetnader for næringsutvikling, arbeidsplassar og tilgang på arbeidskraft. Det skal vere merksemd på ulike behov i byområde, tettstader og distriktkommunar og samspelet mellom privat, offentleg og frivillig sektor.

3.2 Kompetanse og inkludering

For at Vestland skal ha eit konkurransedyktig næringsliv og ein effektiv og god offentleg sektor i framtida, er det behov for eit mangfald av arbeidstakarar med relevant og brei kompetanse. Den regionale planen skal ha fokus på kompetanseutvikling, både gjennom utdanningssystemet, på arbeidsplassen og i frivillig sektor.

Utfordringa er å sikre at arbeidslivet får tak i og beheld den kompetansen dei treng. Det må her takast høgde både for den kompetansen som arbeidslivet etterspør i dag og kompetanse i ei breiare tyding som kan byggje opp under ønska utvikling og omstilling i Vestland. God karriererettleiing for unge og vaksne vil bidra til dette. Planen skal òg sjå på korleis kompetanse som blir utvikla utanfor formelle strukturar for utdanning og opplæring kan validerast for å synleggjere kandidatane sine ferdigheiter. Planarbeidet skal ha fokus på eit inkluderande opplæringstilbod og arbeidsliv, som legg til rette for den einskilde sine føresetningar for å delta.

I tillegg skal planen gi styringssignal for vidaregåande opplæring og fagskulen, med mål om å bidra til styrka heilskap og samarbeid i det samla opplærings- og kompetansetilbodet i fylket.

¹⁷ www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/gron-vekst/gron-region-vestland/

¹⁸ www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/sjomat/styrka-marin-innsats-i-vestland/

Både lokalsamfunna og arbeidsplassane må vere attraktive for at folk vil bli og busetje seg. Arbeidsløysa i Vestland er no svært låg, samstundes har vi for mange som ikkje er i arbeid eller utdanning. For å få fleire med må ein jobbe for auka gjennomføringsgrad i vidaregåande skule, god norskopplæring for nykomne og brei tilrettelegging i eit godt samarbeid mellom relevante aktørar. For enkeltpersonar vil deltaking i arbeidsliv ofte gje betre økonomi, meistringskjensle og auka livskvalitet. For arbeids- og næringsliv vil det bety betre tilgang på kvalifisert arbeidskraft som kan bidra til at verksemdar lukkast med naudsynte omstillingsprosessar og auka verdiskaping, noko som igjen vil føre til ein meir robust kommuneøkonomi og betre tenester i lokalsamfunn i heile Vestland.

Planen vil ha særleg merksemd på tre deltema kor det er spesielt behov for felles innsats og samarbeid: behov for eitt breitt og fleksibelt kompetansetilbod, gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet og mangfaldig og inkluderande arbeidsliv. Deltemaa er tett samanvevde og vil bli handtert i samanheng.

3.2.1 Behov for eit breitt og fleksibelt kompetansetilbod

Kunnskapsdeling og utvikling av ny kunnskap er sentralt for å sikre kritisk kompetanse for omstilling og konkurransekraft. Utdanningstilboda skal vere baserte på etablert kunnskap og vere relevante tilbod for arbeidslivet sitt behov, både no og i framtida. Tilboda skal vere godt dimensjonerte, både for unge og vaksne. Fleksibiliteten i utdanningssystemet kan utnyttast og utviklast i takt med omstillingsbehovet i arbeidslivet, både når det gjeld kva for tilbod ein skal tilby, kvar, og på kva måte. I tillegg må det finnast utdanningstilbod for rekvalifisering og vidareutdanning både i og utanfor etablert arbeidsliv. Behovet skal vere godt tilpassa den enkelte gjennom heile livet. Planen må òg sjå på moglegheiter for ikkje-formell læring og uformell læring.

Elevane i vidaregåande opplæring har rett til fritt å velje utdanningsprogram. Men søkinga dekkjer nødvendigvis ikkje det lokale behovet for arbeidskraft. Samtidig ser ein òg at elevane sine val i stor grad vert påverka av det allereie kjønnsdelte arbeidslivet i fylket, noko som kan forsterke dei demografiske utfordringane og ubalansen mellom arbeidsplassar og arbeidskraft delar av fylket har. Dei vaksne søkarane har ofte eit anna fokus, dei søker i mykje større grad utdanning som passar med dei lokale kompetansebehova der dei bur.

På universitets- og høgskulenivå er utfordringa i større grad at uteksaminerte kandidatar med relevant kompetanse ikkje får eller tar seg jobb i fylket, både i bergensområdet og i distriktskommunane. Skilnadene er likevel store mellom utdanningsinstitusjonane og mellom fagområde. Her er det behov for grundigare analysar av kor studentane flyttar etter fullført studium.

3.2.2 Gjennomføring og kvalifisering i utdanningssystemet

Høg gjennomføring på dei ulike utdanningsnivåa gir høg deltaking i arbeidslivet, noko som er svært viktig både i eit folkehelseperspektiv og for arbeids- og næringsliv. For å få til ei høg gjennomføring er det viktig med god rettleiing om utdanningsval og karriere i ulike livsfasar slik at unge og vaksne får tatt dei utdanningane dei ønsker, samtidig som arbeidslivet får tilgang til arbeidstakarar med rett kompetanse.

Overgangar mellom utdanningsnivåa frå grunnskule til lære, arbeid og høgare utdanning kan vere utfordrande for mange. Vi må jobbe førebyggjande, slik at fleire greier overgangane betre. Særleg fokus bør vere på overgangen frå elev til lærling, då statistikken viser at fråfallet er størst der. Dei vidaregåande skulane i fylket er ein viktig sosial møteplass for elevane, noko som både kan hindre einsemd og sikre betre fagleg utvikling. Ved å halde fokus på kvaliteten i undervisninga og trivselen for elevane vil det kunne gi auka kompetanse, meistring, sosiale ferdigheiter og ikkje minst ei utvikla evne til å samhandle med andre.

3.2.3 Mangfoldig og inkluderande arbeidsliv

Høg deltaking i arbeidsliv demmer opp for sosial utanforskap og ulikskap. Den regionale planen skal bidra til å skape kunnskap og gjere tiltak som skal styrke deltaking og sosial utjamning. Dette er av stor betydning, både for enkeltmenneske sin livskvalitet og for arbeidsliv og verdiskaping i Vestland. Arbeids- og næringsliv har mangel på folk, og med svært få arbeidsledige vil det vere stor gevinst i å få engasjert delar av arbeidskraftreserven som i dag er ledig, eller delvis ledig.

Planarbeidet skal bidra til å synleggjere mangfald som ein ressurs. Målet med eit mangfoldig og inkluderande arbeidsliv er at alle i samfunnet skal kunne delta uansett kjønn, etnisitet, religion, seksualitet eller funksjonsvariasjon. Det er derfor behov for auka forståing, ei god evne til tilrettelegging og eit fleksibelt og godt samarbeid mellom fleire aktørar for å sikre dette. Fleire vil kunne delta dersom dei får god norskopplæring, auka digital kompetanse, kvalifisering, rekvalifisering eller enkel tilrettelegging, medan andre har større utfordringar og treng meir assistanse og støtte for å lykkast. Praksisar som viser seg å gi gode resultat må oppskaleras slik at alle i målgruppa får tilgang til dei same tenestene.

3.2.4 Samarbeidsstrukturar

For å sikre eit utdannings- og kompetansehevingstilbod som er tilpassa behova i arbeidslivet, er det viktig med eit godt samarbeid mellom arbeids- og næringslivet, offentleg sektor, partane i arbeidslivet, studiesentera og utdannings- og forskingsinstitusjonane. Hovudmålet med samarbeidet er å identifisere kompetansebehova og finne dei rette løysingane, slik at vi både får relevant kompetanse og høgare deltaking i arbeidslivet. Sentrale problemstillingar i regionalt samarbeid om kompetanseutvikling er om behova skal løysast gjennom å utvikle nye utdanningstilbod, justere allereie eksisterande utdanningstilbod, kunnskapsdeling eller opplæringstiltak på arbeidsplassen. Aktørane må samarbeide for å rekruttere og behalde kompetente lærlingar og arbeidstakarar i heile fylket. Det er òg viktig med eit godt organisert samarbeid på inkluderingsfeltet. Her spelar dei frivillige organisasjonane ei viktig rolle, saman med arbeidslivet og offentleg sektor.

4 Behov for kunnskap og utgreiingar i planprosessen

Kunnskapsdeling og utvikling av ny kunnskap er sentralt for å sikre kritisk kompetanse for omstilling og konkurransekraft. Vestland har i utgangspunktet eit godt kunnskapsgrunnlag knytt til dei relevante temaa som vil bli lagt til grunn for arbeidet med den nye planen.

Planarbeidet skal følgje prosjektet *Inkludering i Vest* og vurdere funn som kan ha betydning for å motvirke utanforskap i arbeidslivet i Vestland. Folkehelseundersøkinga for Vestland og ein klimasårbarheitsanalyse for Vestland vil gå parallelt med planarbeidet, og kan òg ha betydning for planarbeidet. Utgreiingsarbeid knytt til plantemaet arealforvaltning i planprogrammet for Regional plan for areal og mobilitet, kan òg har relevans for plantemaa i regional plan for verdiskaping og kompetanse. Vidare kan planarbeidet følgje retningsgivande politikkutforming i EU, som vil ha stor påverking på utforming av norsk politikk og verkemidlar.

I planarbeidet kan vi trekke på [kunnskapsgrunnlaget](#) frå arbeidet med utviklingsplanen 2024-2028. Mykje av kunnskapsgrunnlaget for gjeldande planar for Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling, Regional plan for klima og Regional plan for fornybar energi med tilhøyrande temaplanar, er framleis relevant. Det same gjeld for temaplanane Forny og Forbetre og Heilskapleg plan for tilbudsstruktur.

Tabellen under viser eit utval av kunnskapskjelder som vil bli brukt i planarbeidet:

Kunnskapsgrunnlag:

- [Bærekraftsindikatorer i Vestland](#)
- [Grøn Region Vestland sine indikatorar](#)
- [Statistikk for næring og innovasjon i Vestland](#)
- [Utsleppsanalyse mot 2030 for Vestland fylkeskommune](#)
- [NOU 2024: 2 Naturrisiko for næringer, sektorer og samfunn i Norge.](#)
- [St.mld. 16 \(2024–2025\) Industrien – konkurransekraft for en ny tid](#)
- [Kunnskapsgrunnlag for kompetanse i arbeidslivet i Vestland](#)
- [NOU 2025:1 Felles ansvar, felles gevinst – Partssamarbeid for kompetanseutvikling i arbeidslivet](#)
- [NOU 2023:4 Tid for handling – Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste](#)
- [St.mld. 11 \(2024-2025\) Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning](#)
- [St.mld. 14 \(2022-2023\) Utsyn over kompetansebehovet i Norge](#)
- [Resultat og analyse frå opplæringssektoren i Vestland](#)
- [Folkehelseoversikt Vestland](#)

Tabell 1 Oversikt over kunnskapsgrunnlag (ikkje-prioritert eller uttømmende liste)

5 Oppfølging av planen

Gjennomføring av planen vil krevje innsats, samordning og investeringar frå fleire aktørar, både offentlege og private. Fylkeskommunen vil ha ei sentral rolle, men føreset samarbeid på tvers av forvaltningsnivå med kommunar, statlege styresmakter, næringsliv og andre partar. I tillegg krev det samarbeid på tvers av fag og sektorar.

5.1 Handlingsprogram

Alle regionale planar skal etter lova ha eit handlingsprogram som viser korleis planen skal følgjast opp i praksis. Handlingsprogrammet skal gi grunnlag for prioritere satsingar, og definere verkemiddel.

Handlingsprogrammet vil ha ein struktur med ein overordna strategisk del som legg rammene for prioriteringar, og definere utviklingstiltak for oppfølging av planen sine strategiar.

5.2 Økonomi

Økonomiske rammer og verkemiddel vil vere viktige for korleis planen kan bli gjennomført i praksis. Handlingsprogramma skal vere ein del av grunnlaget for økonomiplanlegging og budsjettprosessar i fylkeskommunen. I planarbeidet skal samfunnsøkonomiske vurderingar vere ein integrert del av beslutningsgrunnlaget, for å bidra til å nå måla om verdiskaping, betre likeverd, klima, natur og velferd.

5.3 Resultatmåling

For å følgje med på om måla i planen blir nådd, er det viktig å ha gode måtar å måle utviklinga på over tid. Det krev eit breitt samarbeid om oppdatert statistikk og relevante analysar. Utviklinga av målingsindikatorar vil halde fram parallelt med planarbeidet, og rapportering vil inngå i fylkeskommunen si årsmelding.

6 Planprosess, organisering og medverknad

Fylkestinget i Vestland er regional planmynde, og ansvarleg for å utarbeide regionale planar om dei temaa som er bestemt i Utviklingsplan for Vestland 2024-2028. Alle offentlege organ har rett og plikt til å vere med i planlegginga når det gjeld deira område, og skal bidra med kunnskap og informasjon som kan påverke planane. Ein open og føreseieleg planprosess er viktig for å sikre godt politisk eigarskap og brei forankring av felles mål for regionen. For å få til dette legg vi opp til aktiv medverknad frå kommunar, statlege etatar og andre aktørar.

Utarbeiding av planar bør normalt skje innanfor ein fylkestingsperiode. For regionale planar skjer utarbeiding av planprogram og plan normalt løpet av to til tre år, avhengig av kompleksitet og behov for involvering. Organisering og framdrift vert tilpassa behovet i kvart planarbeid. Løysingane skal balansere behovet for samarbeid og medverknad mot mål om effektiv prosess og oppfølging.

6.1 Samarbeid og medverknad

Samarbeid og medverknad vil bli tilpassa dei ulike fasane i planarbeidet – frå analysar og utgreiingar, via sjølv planutforminga, til ferdig planutkast med handlingsprogram. Aktiv involvering er avgjerande både for å få fram relevant kunnskap om utfordringar og behov, og for å sikre brei forankring av planen.

Fylkeskommunen vil nytte etablerte samarbeidsforum, nettverk og arenaer til medverknad, i tillegg til formelle prosesser etter lova. Fylkeskommunen legg vekt på å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging.

Medverknadsopplegget vil vere både digitalt og fysisk, og vil omfatte:

- Høyring og offentlig ettersyn etter lova
- Høyrings- og dialogmøte
- Møte med særskilde interessegrupper
- Regionalt planforum
- Nettside og digital innspelsportal, der alle kan sende inn synspunkt og forslag til planprogrammet og planen
- Bruk av sosiale medium for å nå ut breitt og sikre låg terskel for å delta
- Digital spørjeundersøking, der det er relevant

Alle innspel vil bli samla og vurderte, og resultat frå medverknaden vil bli dokumentert og brukt som grunnlag for ferdigstilling av planen før politisk handsaming.

6.2 Kommunar, statlege organ og verksemder

Kommunar, statlege organ og verksemder skal òg legge den regionale planen som grunnlag for si planlegging og verksemd. Fylkeskommunen legg opp til at kommunane, Regionråda, Statsforvaltar, Innovasjon Norge, Siva og Forskningsrådet vert særskilt tett involvert i planarbeidet gjennom deltaking i tema- eller referansegruppe.

6.3 Næringslivet og partane i arbeidslivet, kunnskaps- og kompetansemiljø

Samarbeid med næringslivet, partane i arbeidslivet og bransjeorganisasjonar er særskilt viktige for å sikre relevante perspektiv inn i det regionale planarbeidet. Dette gjeld òg innovasjonsmiljø og verkemiddelapparat for næringsutvikling og innovasjon, som til dømes klynger, bedriftsnettverk,

inkubatorar, gründermiljø og innovasjonsselskap. Regionalt næringsforum¹⁹ og Regionalt kompetanseforum²⁰ er viktige arenaer for å kunne involvere breitt.

Utdanningsaktørane i fylket som dei vidaregåande skulane, fagskulane, høgskular og universitet vil òg vere viktige innspelspartnarar. Samarbeidsorgan (tidlegare opplæringskontor), forskings- og utdanningsinstitusjonar, studiesentera, rettleiingstenesta, Karriere Vestland, NAV og andre som ikkje vert fanga opp i andre fora, men som vil kunne ha betydning for planarbeidet, vil òg bli invitert til innspel.

6.4 Andre grupper som vil bli involverte

Medverkingsorgan- og råd i Vestland fylkeskommune vil kunne gi verdifull innsikt om utfordringar og moglegheiter for ulike grupperingar i samfunnet. Vi vil søke å legge særskilt til rette for involvering av barn og unge.

6.5 Tema- og ressursgrupper

Det vil bli etablert temagrupper med deltaking både frå fylkeskommunen og eksterne aktørar, med kompetanse og interesser innan dei tema som skal inngå i planen. Statsforvaltar og fylkesstyret i KS vert konsultert undervegs for å få innspel til og avstemme forventningar til innhald i planen.

6.6 Organisering av arbeidet

Arbeidet med dei to regionale planane vert organisert med to parallelle prosjektgrupper. Prosjektgruppene har ansvar for å følgje opp og gjennomføre aktivitetar nemnd i planprogrammet og framdriftsplanen. Ansvaret inneberer mellom anna:

- Utarbeiding av sentrale dokument som høyringsutkast til planprogram, regional plan med handlingsprogram, innhenting og utarbeiding av evt. kunnskapsgrunnlag, og tilrettelegging for politisk involvering.
- Legge til rette for planprosessen med høyringar og aktivitetar som sikrar samarbeid og medverknad.
- Mobilisere og kommunisere undervegs i planarbeidet til alle relevante grupper.

Rolle	Ansvar og oppgåver
Prosjekteigar	Fylkesdirektøren. Har overordna ansvar for planarbeidet og for at det blir gjennomført i tråd med rammene.
Vedtaksorgan	Fylkesutvalet er prosessorgan og vedtar planprogram og Fylkestinget vedtar endeleg regional plan med handlingsprogram.
Politisk styringsgruppe	Fylkesutvalet. Handsamar prinsipielle spørsmål, målkonfliktar og avklaringar undervegs.
Prosjektansvarlege	Seksjonsleiar ved plan, klima og analyse og direktør for næring, plan og analyse. Ansvar for framdrift, koordinering og forankring.
Administrativ styringsgruppe	Direktørar frå: Næring, plan og innovasjon, Opplæring og kompetanse og Kultur og folkehelse
Prosjektgruppe	Prosjektleiar og fagpersonar frå fylkeskommunen. Utarbeider dokument, kunnskapsgrunnlag og legg til rette for medverknad og høyring.

Tabell 2 Oversikt over roller

¹⁹ www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/naringsforum-vestland/

²⁰ www.vestlandfylke.no/narings-og-samfunnsutvikling/kompetanse-i-arbeidslivet/kompetanseforum-vestland/

7 Framdrift og milepårar

Framdrifta i planarbeidet vert delt inn følgande fasar med førebels tidsrom for høyringar:

Aktivitet	Tidsrom	Vedtak/medverknad
Utarbeiding av planprogram	Våren 2025	Vestland fylkeskommune med innspel frå kommunar og statlege organ
Vedtak om oppstart, samt høyring og offentleg ettersyn av planprogram.	21. august 2025	Fylkesutvalet, Vestland fylkeskommune
Høyring og offentleg ettersyn av planprogram	Aug.- sept. 2025	Offentleg
Vedtak om av planprogram.	Nov. 2025	Fylkesutvalet, Vestland fylkeskommune
Innhenting av kunnskap Utarbeiding av planforslag Utarbeiding av handlingsprogram	Juli 2025 -	Kommunar, statlege organ, næringsliv, lag og organisasjonar, fylkeskommunale råd, forum og utval
Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av plan.	Juni 2026	Fylkesutvalet, Vestland fylkeskommune
Høyring og offentleg ettersyn av planforslag med handlingsprogram	Juli - sept. 2026	Offentleg
Gjennomgang av merknader og revidering av planforslag.	Sept. – nov. 2026	Vestland fylkeskommune
Vedtak regional plan	Des. 2026	Fylkestinget, Vestland fylkeskommune
Oppfølging av handlingsprogram	2026 -	Alle

Tabell 3 Oversikt over framdrift og milepårar